



Arkivnr: 2016/2661-11

Saksbehandlar: Kari Patricia Kleppe

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.06.2016

### Ny struktur i Filmfondet FUZZ AS og fylkeskommunen si rolle i fondet.

#### Samandrag

I protokoll for møte 24. februar 2016 i Fylkesutvalet er følgjande tekst teke inn under PS 35/2016

Vedtaksretting i PS 8/2016:

PS 8/2016 «Gjennomgang av støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar 2016» vart handsama i Fylkesutvalet 29. januar. Her vart alle næringsretta utviklingsaktørar som vert løyvd partnarskapsmidlar frå Hordaland fylkeskommune presentert, og det vart lagd fram korleis midlar over to budsjettpostar skulle fordelast til aktørane.

For Filmfondet Fuzz vart følgjande argumentasjon lagt fram for støtte:

*«Fuzz er no inne i ein prosess kor ein ser på ei mogleg utviding med Rogaland og Agderfylka, og Fylkesrådmannen ønsker å koma tilbake med ei eiga sak om vidare drift og organisering av Filmfondet Fuzz etter denne utvidinga. Fylkesrådmannen rår difor til at Filmfondet Fuzz vert løyvd kr 300 000, gjeldande for første halvdel i 2016 og at det vert lagt fram ei eiga sak om vidare samarbeid mellom fylkeskommunen og Filmfondet Fuzz, og fylkeskommunen sine forpliktingar, våren 2016.*

*Fylkesrådmannen rår til at modellen med Fuzz vert gjennomført som opphavleg planlagt, og kallar inn filmfondet Fuzz snarleg for å orientere om dette og drøfte vidare samarbeid.*

*Ei eiga sak om Filmfondet Fuzz vil verta lagt fram for Fylkesutvalet i juni 2016.»*

Bakgrunn for konsolidering.

Konsolidering av Filmfondet Fuzz og Filmkraft Fond er ein direkte følge av Stortingsmelding 30 «En framtidrettet filmpolitikk», vedtatt av Stortinget 01.12.2015 der ein la ein vekt på at ein ønskte færre og sterkare filmregionar frå eksisterande 6, redusert til 2-3. Frå 2016 vart det berre gjeve statleg tilskotsmidlar til reelt konsoliderte fond, og der konsolidering var politisk vedtatt innan søknadsfristen for statstilskot 1. mars 2016. Formålet med ei konsolidering er å stimulera til meir privat og regional kapital til norsk film, og bidra til å skapa bærekraftige regionale filmmiljø. I Statsbudsjettet for 2016 fylgjer Regjeringa opp ved å auka det samla statstilskotet til regionale fond frå 11,2 mill. kroner til 20 mill. kroner.

Gjennomført konsolidering.

Filmkraft Fond i Rogaland har konsolidert med Fuzz og Rogaland fylkeskommune har tatt ein eigarposisjon saman med Bergen kommune i eit nytt, sterkt, konsolidert filmfond for Vestlandet.

Konstellasjonen består av to sterke fagmiljø og inntil sju samarbeidande fylker og kommunar – frå Møre og Romsdal i nord, langs heile sørvestkysten og til og med Telemark.

Det nye filmfondet har oppnådd kr. 9 569 600 i tilskot frå staten i 2016. Staten krev at regionen matchar tilskotet med 50/50 i samla offentlege og private investeringsmidlar og at midlar til forvaltning kjem frå regionen.

### Grunngjeving for støtte.

Filmbransjen er ein særskilt kostnadskrevjande og risikofylt bransje. Det offentlege gjev tilskot som både sikrar høg risikokapital (mjuke midlar) til utvikling av bredde og nyskaping i filmbransjen og audiovisuell innovasjon samt til drift/forvaltning. Statlege tilskot går uavkorta til prosjekt som reine tilskot utan krav til tilbakebetaling. Kostnad til forvaltning av statlege tilskotsmidlar er eit regionalt ansvar. Offentlege tilskot sikrar årleg støtte til 25-30 prosjekt i året.

Den private investeringsskapitalen krev lågare risiko (harde midlar), ser på potensiale for avkastning og gjev slik finansielle musklar til stor kostnadskrevjande produksjon, ofte 5 store produksjonar i året. Avgrensinga for private investorar er det geografiske verkeområde for fondet. Til no har private investorar tilbakeført all avkasting til fondet og er slik med å auke fondet som i dag har omlag 30 millionar i privat kapital. Det nye fondet har som målsetting å doble fondet i perioden 2016-2018.

I Handlingsplan for Næringsutvikling i Hordaland 2016 under *Bransjar med særskilt fokus innsatsområde Medie- og kulturbasert næringsliv* prioriterar ein å støtte pilotprosjekt og fellestiltak som stimulerar til kompetanse- og næringsutvikling og stimulere til internasjonale samarbeidsprosjekt og utvikling av det næringsmessige potensialet i kulturnæringerane t.d. internasjonale filmproduksjonar.

I tidlegare vurdering av partnarskapsmidlar til FUZZ vert det lagt vekt på at FUZZ er særskilt viktig aktør for å bygge ei bærekraftig filmnæring på Vestlandet, og no etter konsolidering med Filmkraft Fond er grunnlaget og potensialet utvida. Offentleg regional støtte til drift og forvaltning er nøkkelen til utløysing av privat og offentleg fondsmidlar til utvikling og produksjon.

Etter konsolideringa vurderer fylkesrådmannen Filmfondet Fuzz AS til å vera i ein ny utviklingsfase og rår difor til å nytte midlar frå budsjettpost HNH- Fylkesmidlar (Handlingsprogram næring) i åra 2016-2017.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtar støtte til det nye konsoliderte Filmfondet Fuzz AS med ytterlegare kr. 600 000 for 2016 slik at støtte totalt for 2016 vert kr 900 000 og det same for 2017. Midlane vert tatt over budsjettposten HNH- Fylkesmidlar (Handlingsprogram næring).
2. For all støtte under «Næringsretta partnarskapsmidlar» gjeld at støtte for 2017 kan verta justert/endra som følgje av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen, og /eller som følgje av endra nasjonale rammer og tildelinger til regional utvikling i fylkeskommunen.
3. Ordninga med næringsretta partnarskapsmidlar vert gjennomgått av fylkesrådmannen, og eit framlegg til ei søknadsbasert ordning vert fremja til politisk handsaming i midten av 2017.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 [her](#)
- 2 Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016 [her](#)

## Fylkesrådmannen, 02.05.2016

### 1. Bakgrunn

I protokoll for møte 24. februar 2016 i Fylkesutvalet er følgjande tekst teke inn under PS 35/2016

Vedtaksretting i PS 8/2016:

PS 8/2016 «Gjennomgang av støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar 2016» vart handsama i Fylkesutvalet 29. januar. Her vart alle næringsretta utviklingsaktørar som vert løyvd partnarskapsmidlar frå Hordaland fylkeskommune presentert, og det vart lagd fram korleis midlar over to budsjettpostar skulle fordelast til aktørane. Budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar» som for 2016 hadde ein underdekning i høve til tidlegare år førte til at dei fleste aktørane ikkje fekk indeksregulert støtte. Filmfondet Fuzz AS grunna ny konsolidering fekk kr 300 000 gjeldande for første halvdel i 2016. Fuzz AS har hatt støtte over HNH i 2012-2014 og over Næringsretta patrnarskapsmidlar i 2015 støtta har lege på kr 650 000 trass i stor positiv vekst i investeringsfond og auka forvaltningskostnader.

Etter konsolidering vil Filmfondet Fuzz AS no vera i ein ny utviklingsfase.

Kreterier for vurdering av tildeling av partnarskapsmidlar og prosjekt i utviklingsfase over HNH.

Aktørar som vert vurdert til partnarskapsmidlar skal gjennom bestemte aktivitetar og tiltak medverka til å oppfylle mål i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017, Handlingsprogram for næringsutvikling og eventuelle næringsretta strategiar innan det aktuelle feltet. Årleg saksvurdering og vedtak i fylkesutvalet skal gje ei rasjonell og kunnskapsbasert vurdering av kva aktørar som skal få støtte og i kva tilfelle støtte skal avviklast.

I Handlingsplan for Næringsutvikling i Hordaland 2016 under *Bransjar med særskilt fokus innsatsområde Medie- og kulturbasert næringsliv* prioriterar ein å støtte pilotprosjekt og fellestiltak som stimulerar til kompetanse- og næringsutvikling og stimulere til internasjonale samarbeidsprosjekt og utvikling av det næringsmessige potensialet i kulturnæringane t.d. internasjonale filmproduksjonar.

### 2. Tidlegare handsaming

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2016

#### **Fylkesbudsjettet for 2016; - Tildeling av kr 300 000 i næringsretta partnarskapsmidlar for første halvdel av 2016**

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2016 er det sett av kr 15,983 mill kr på budsjettposten «Næringsretta partnarskapsmidlar». I tillegg blir det nytta kr 6,79 mill. kr av budsjettet i Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland (HNH 2016) til å støtte partnarar. Fordeling av støtte til partnarar som fekk fornya si støtte i 2016 og til nye partnarar blei handsama av fylkesutvalet 29.01.2016 (PS 8/2016). Her blei både årleg støttebeløp og kor mange år støtta skal gjelde for vedtatt. Totalt får 31 partnarar og utviklingsaktørar støtte frå fylkeskommunen i 2016.

I denne saka blei det gjort vedtak om at Filmfondet FUZZ skal få kr 300 000 i partnarskapsmidlar for første halvår 2016 over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnarskapsmidlar». Vi viser også til inngått avtale om partnarskap for denne perioden.

I sin vurdering av partnarskapsmidlar til dykk vert det lagt vekt på at FUZZ er særskilt viktig aktør for å bygge ei bærekraftig filmnæring på Vestlandet.

Grunnlaget for å gje tilskot for kun første halvår i 2016 er at FUZZ er inne i ein prosess kor ein ser på mogleg utviding med Rogaland og Agderfylka. Ein vil derfor koma tilbake med ei eiga sak om vidare samarbeid mellom fylkeskommunen og Filmfondet FUZZ, og fylkeskommunens forpliktingar, våren 2016. Løyvinga på kr 300 000 vert difor gjeldande for første halvår i 2016.

### 3. Nasjonale føringer

Dei fem regionale filmfonda ble i 2011 evaluert av konsulentsselskapet Ideas2evidence på oppdrag frå Kulturdepartementet. Rapporten ble i 2014 oppdatert til og med året 2013 og Fuzz stod fram som det

største og mest handlekraftige fondet, og også det som fungerer best etter forutsetningane. Funna og anbefalingane i rapporten la grunnlaget for staten si satsing på færre og større regionale filmfond. I Stortingsmelding 30 «*En framtidrettet filmpolitikk*», vedtatt av Stortinget 01.12.2015 la ein vekt på at ein ønskte færre og sterkare filmregionar enn dei 6 som eksisterte som del av ei prøveordning for filmfond fra 2008. Grunngjeving var; «*departementet mener det er viktig å legge til rette for solide, regionale kraftsentre som en reell motvekt til filmmiljøet i det sentrale Østlandsområdet*». Som eit ledd i denne målsetjinga føreslår departementet at prøveordninga med statstøtte til regionale filmfond vert avvikla «*og at det innføres en ny ordning med statlige tilskudd til 2 – 3 konsoliderte filmfondsvirksomheter. Det foreslås at regionale fond kun tildeles midler fra den nye ordningen dersom de har konsolidert seg med andre fond*». Frå 2016 vert det slik berre gjeve statleg tilskotsmidlar til reelt konsoliderte fond, og ei slik konsolidering måtte vera politisk vedtatt innan søknadsfristen for statstilskot 1. mars 2016.

Formålet med ei konsolidering er å stimulera til meir privat og regional kapital til norsk film, og bidra til å skapa bærekraftige regionale filmmiljø. I Statsbudsjettet for 2016 fylgjer Regjeringa opp ved å auka det samla statstilskotet til regionale fond frå 11,2 mill. kroner til 20 mill. kroner.

Midlane vert fordelt mellom 2-3 fond, berekna ut frå fonda sin aktivitet, omsetjing og tal på tilknytte fylker. Det er nå klart at det blir 3 regionale filmfond;

- Eitt regionalt filmfond i Nord-Norge som omfattar Troms, Nordland og Finnmark
- Eitt i Midt-Norge som omfattar Nord- og Sør-Trøndelag, Hedmark og Oppland.
- Eitt i sørvestlandet der konstellasjonen består av to sterke fagmiljø og inntil sju samarbeidande fylker og kommunar – frå Møre og Romsdal i nord, langs heile sørvestkysten og til og med Telemark.

På Vestlandet var det 2 regionale filmfond, Filmkraft Fond AS (filmkraft Fond) i Stavanger med nedslagsfelt i Rogaland, og Fuzz AS i Bergen med nedslagsfelt i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Filmkraft Fond har konsolidert med Fuzz og Rogaland fylkeskommune har tatt ein eigarposisjon saman med Bergen kommune i eit nytt, sterkt, konsolidert filmfond for Vestlandet.

## 1. Konsolidering med eigarskap og drift



Filmkraft Fond konsoliderer med Fuzz og Rogaland fylkeskommune tar ein eigarposisjon saman med Bergen kommune i nytt, sterkt, konsolidert filmfond for Vestlandet.

Konstellasjonen består av to sterke fagmiljø utanfor Østlandsområdet, og inntil sju samarbeidande fylker og kommunar – frå Møre og Romsdal i nord, langs heile sørvestkysten og heilt opp til Telemark.

Filmfondet oppnår kr. 9 569 600 frå staten i 2016. Krav om at regionen matchar 50/50 i investeringsmidlar og at forvaltning kommer frå regionen.

## Konsolidering av filmfonda Fuzz AS og Filmkraft Fond AS

**Bergen kommune** ved Byrådet sak 62/16 og Komité for finans, kultur og næring sak 34-16 innstilte liklydande til bystyret for konsolidering av filmfonda Fuzz AS og Filmkraft Fond AS.

**Vedtak:**

1. «Bystyret gir sin tilslutning til en konsolidering av Fuzz AS og Filmkraft Fond AS slik det skisseres i saksutredningen. Konsolideringen gjennomføres ved at Rogaland fylkeskommune/Stavanger kommune blir aksjeeiere i Fuzz AS, og at Fuzz AS kjøper Filmkraft Fond AS fra Filmkraft Rogaland AS.
2. Salget av aksjer i Fuzz AS foretas ved rettet emisjon som bringer Rogaland/Stavangers eierskap til mellom 35 % og 50 % av aksjene i Fuzz AS. Rogaland/Stavanger tilbys muligheten for et trinnvis kjøp av aksjer gjennom flere rettede emisjoner, beregnet i inntil tre år. Aksjeeierene forplikter seg til å bidra med driftsmidler som reflekterer eierandelen.
3. Bokført egenkapital per 31.12.2015 i hhv Fuzz AS og Filmkraft Fond AS skal anvendes som grunnlag for å fastsette verdien på selskapene ifm. Emisjonen i Fuzz AS og salget av Filmkraft Fond AS.
4. Bystyret delegerer til byrådet å gjennomføre konsolideringen av Fuzz AS og Filmkraft Fond AS i henhold til vedtakspunktene ovenfor, samt å foreta nødvendige vedtektsendringer i forbindelse med konsolideringen.»

**Rogaland fylkeskommune** vedtok i Fylkesutvalet 23.02.2016 sak 25/16 Konsolidering av filmfond – fylkeskommunalt eierskap.

**Vedtak:**

1. «Rogaland fylkeskommune kjøper aksjer i det nye filmfondet X, tilsvarende en eierandel på 35 % for inntil 7 millioner kroner, og forutsetter at konsolideringsprosessen mellom Filmkraft fond AS og Fuzz AS gjennomføres så snart som mulig, og senest i løpet av 2016.
4. Rogaland fylkeskommune har som intensjon over tid å øke eierandelen til 50 % på de vilkår som er omtalt som trappetrinns-modellen
5. Oppkjøpet finansieres av egenkapital (budsjettet overføringer fra drift). Som er konsekvens av endret bruk av egenkapital, økes budsjettet bruk av lån til finansiering av investeringsbudsjettet for øvrig med 7 mill. kroner.»

**Drift**

Det vert søkt Hordaland fylkeskommune om driftsmidler på kr 900 000 for 2016 og kr 922 500 for 2017 til fondet for film og spill.

04.05.2016

**Oppdatert arbeidsbudsjett 2016 og tentativt budsjett 2017****Inntekter:**

	<b>2 016 Notat:</b>	<b>2017</b>
Statstilskudd Kulturdepartementet	9 569 600 Bekreftet	10 000 000
Rogaland fylkeskommune:	850 000 *	1 742 500
Bergen kommune:	900 000 Bekreftet	1 005 795
Hordaland fylkeskommune:	900 000 * Ikke bekreftet	922 500
Sogn og Fjordane fylkeskommune:	200 000 Bekreftet	205 000
Møre og Romsdal fylkeskommune:	441 000 Bekreftet	451 000
Aust- og Vest-Agder, Telemark, Kristiansand og Arendal	710 000 Bekreftet	727 750
Andre inntekter provisjon etc.	519 000 Løpende inntekter	527 875
<b>Sum inntekter:</b>	<b>14 089 600</b>	<b>15 582 420</b>

**Kostnader:**

Tilskudd/Prosjektkostnader (KUD-midler)	9 569 600	10 000 000
Lønn og personalkostnader	2 895 205	3 899 768
Andre driftskostnader	1 647 200	1 717 080
<b>Sum kostnader:</b>	<b>14 112 005</b>	<b>15 616 848</b>
Finansinntekter:	38 000	38 950

**Forventa resultat etter finansinntekter:**

(\*) Avtalen med Rogaland vil være 1.700.000 kroner per år, det er forventa at dette vil bli justert til 850.000 for andre halvår 2016. Det kan i tillegg komma noko ekstra fra Rogaland for å dekka oppstartskostnader i 2016.

(\*) Hordaland fylkeskommune har bevilga kr 300 000 for første halvår og her vert det søkt om resterende.

Fylkeskommunen er blant dei som bidreg mest til drift då Hordaland har det største filmmiljøet utanfor Oslo og filmfondet har hovudkontor i Bergen. Den private kapitalen har redusert behovet for regionenes offentlige midlar til å matche ut staten sitt krav om 50/50 løyving stat/region. Det som er den utløysande faktor for både privat og statlege midlar er krav til regionalt finansiert driftskapital.

I søknaden vert det understreka at ingen av dei andre fonda i Norge har hatt same tilgang på privat kapital / aksjekapital som Fuzz. Dei andre fonda sine fylker og kommunar har derfor matcha ut pengane frå Staten med offentlege regionale midlar kvart år dei siste 10 åra. I Fuzz sitt tilfelle så har dei gode resultata på den private kapitalen bygd tillit og avkastinga er blitt «resirkulert» inn i fonda og bidrege til fondet sin vekst som no er i overkant av 30 mill.. Fondet har som formål å doble fondet i perioden 2016-2018.


### **Effektar av nyskapande ordning med offentlege tilskot og privat investeringskapital.**

I 2008 var Fuzz i full operativ drift. Ni private investorar hadde da gått inn med totalt 5,25 millionar kroner i Fuzz' investeringsfond. Avtalen med investorane var at deira kapital skulle investerast i kommersielle produksjonar med forankring til Vestlandet. Kompensasjonen for ei slik forretningsmessig avgrensing var at det offentlige, i form av driftstilskot til Fuzz, skulle betale for en profesjonell forvaltning av midlane.

Med denne nyskapande ordninga vart Fuzz det første regionale filmfondet i Europa som lukkas med å tiltrekke seg privat kapital. Samla sett er resultatet innan målet om gjennomsnittlig årlig nominelt utbytte på minst 6 % av innskott kapital oppnådd. Investorane har «lønna» Fuzz med å «resirkulere» pengane tilbake i fondet.

Som en konsekvens av det konkurransedyktige finansielle resultatet, har investorane ved fleire høve valt å auka sine innskot. Den mest markante auken fann stad i 2013 og 2014, då eksisterande og nye investorar dobla fondet si innvestering. I dag er fondet på 28,85 millionar kroner.

Etter aukinga har Fuzz forsterka sin posisjon som det desidert største regionale filmfondet i landet, i følgande tabell lista etter anvendte midlar (prosjektinvesteringar) i 2014:



#### Næringseffekt:

Over 100 millioner kroner er plassert i over 80 prosjekter  
Realisert prosjekter med totalbudsjett på 1,2 milliarder

#### Fuzz prioriterer regionale produsenter:

97 % av midlene i 2014, 99 % i 2015.

Filmbransjen er ein særskilt kostnadskrevjande og risikofylt bransje. Samspillsmodell med offentlig/privat økonomi sikra ei brei utvikling av næringa gjennom offentlige tilskott til utvikling av mange prosjekt og privat finansiering/investering i realisering av store og dyre produksjonar.